



Kjell Farestveit  
Modalen 1069  
5729 MODALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/6017 - 23/64450

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
18.08.2023

## Ferdigattest tilbygg - gbnr 133/63 Soltveit søndre

**Administrativt vedtak:** Saknr: 853/23  
**Tiltakshavar:** Kjell Farestveit  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for tilbygg til fritidsbustad på gbnr 133/63. Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.**

**Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.08.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.08.2023.

### Skildring

Adresse:	Soltveitvegen 11
Bygningstiltak:	Fritidsbygg/sommerhus – tilbygg
Bygningsnummer:	176212853 -1
Bruksareal:	6m <sup>2</sup>
Bygningstiltak:	Fritidsbygg/sommerhus - tilbygg
Bygningsnummer:	176212853 - 2
Brukareal:	18m <sup>2</sup>

## GENERELL INFORMASJON

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/6017

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakar:

Kjell Farestveit

Modalen 1069 5729

MODALEN